



MØTEINNKALLING

Utval: Kommunestyret
Møtedato 04.04.2019
Møtetid: Kl. 08.30
Møtestad: Biblioteket

Varamedlem skal ikkje møta utan nærare innkalling

Forfall til møtet må meldast snarast råd til sørvissenteret (tlf. 56 58 74 00 eller e-post postmottak@samnanger.kommune.no), som vil kalla inn varamedlem.

Me ber om at alle som kan vera ugilde i ei eller fleire saker på sakslista melder frå om dette til sørvissenteret.

Møtet vert todelt:

- Handsaming av ordinære saker kl. 08.30 – 10.00.
- Kvalitetsdialog kl. 10.00 – 15.30.

Knut Harald Frøland
ordfører

SAKLISTE**Saker til handsaming på møtet**

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
013/2019	19/331	Faste saker	
014/2019	18/1794	Søknad frå ordførar om foreldrepermisjon/fedrekvote	
015/2019	18/1480	Prioritering av søknader 2019 - tilskot til lokale kulturarenaer	
016/2019	19/130	Årsmelding 2018 for kontrollutvalet	
017/2019	18/1514	Gjennomføring av kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019 - Valdato	

Oversikt faste saker

- Godkjenning av innkalling og sakliste
- Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte
- Delegerede vedtak/referatsaker
- Utvalet sitt kvarter



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Marianne Soleng	Arkivkode: FE-033
Arkivsaksnr: 19/331	Løpenr: 19/2614
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	04.04.2019	013/2019

Faste saker

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

Oversikt over faste saker:

Godkjenning av innkalling og sakliste.
Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte.
Delegerte vedtak/referatsaker.
Utvalet sitt kvarter.

Oversikt over referatsaker:

Lovlegkontroll av Samnanger kommunestyre si avgjeld i sak 039/18



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Jan Erik Boge	Arkivkode: FE-033, TI-&16
Arkivsaksnr: 18/1794	Løpenr: 19/2353
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	04.04.2019	014/2019

Søknad frå ordførar om foreldrepermisjon/fedrekvote

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Ordførar Knut Harald Frøland får innvilga 60% foreldrepermisjon i følgjande periodar:

- 17.06.2019 – 12.07.2019
- 12.08.2019 – 24.10.2019

Ordføraren må søkja NAV om å få utbetalt foreldrepengar i permisjonstida. Samnanger kommune utbetalar 40% av full ordførargodtgjersle til ordføraren i permisjonstida. I tillegg utbetalar kommunen differansen mellom 60% av full ordførargodtgjersle og foreldrepengar. Kommunen betalar òg inn full pensjonspremie til KLP i permisjonstida.

Dokument som ikkje er vedlagt:

Søknad, Arbeidsmiljølova, Folketrygdlova, Kommunelova, KS-hefte om økonomiske vilkår for folkevalde, Reglement for godtgjersle til folkevalde i Samnanger kommune

Kva saka gjeld:

Ordførar Knut Harald Frøland har sendt søknad til Samnanger kommune om å ta ut 60% foreldrepermisjon/fedrekvote som følgjer:

- 17.06.2019 – 12.07.2019
- 12.08.2019 – 06.01.2020

I perioden 13.07.2019 – 11.08.2019 tek Knut Harald Frøland ut 4 veker ferie, utan trekk i ordførargodtgjersla.

Mor sin fødsels-/foreldrepermisjon (permisjon med 100% løn) vert teken ut i perioden 22.10.2018 – 14.06.2019.

Formannskapet vedtok 21.11.2018 (i sak 053/2018) å gje Knut Harald Frøland omsorgspermisjon inkl.

godtgjersle i perioden 23.11.2018 – 06.12.2018. Dette er tilsvarende omsorgspermisjon som tilsette som blir fedre har krav på i samband med fødsel.

Kommunestyret må no ta stilling til Knut Harald Frøland sin søknad om foreldrepermisjon/fedrekvote.

Reglar om foreldrepermisjon/fedrekvote

I KS sitt hefte «Økonomiske vilkår for folkevalgte» står det på side 24 følgjande om foreldrepermisjon og fedrekvote:

Foreldrepermisjon

Regelverket knyttet til foreldrepermisjon gir rettigheter men også valg for den enkelte. Disse rettigheter knyttet til regelverket er i prinsippet de samme for folkevalgte som for arbeidstakere. Dersom kommunen har vedtatt at den folkevalgte skal behandles på tilsvarende måte som ansatte vil også ytelsene være tilsvarende. Hvis ikke kommunen har slike ordninger vil det være folketrygdlovens regler som regulerer ytelsen.

Fedrekvote

Folkevalgte har rett til å ta ut fedrekvote i samme omfang og med samme begrensninger som øvrige ansatte. Den økonomiske kompensasjon for denne permisjonen vil følge gjeldende regelverk.

Reglar om rett til foreldrepermisjon er fastsett i arbeidsmiljølova [§§ 12-5 og 12-6](#). I praksis vert desse reglane gjort gjeldande også for folkevalde, jf. punkt 15.2.1.2 (side 123) i [Prop. 46 L 2017-2018](#) (proposisjonen om ny kommunelov).

Reglar om rett til foreldrepengar er fastsett i folketrygdlova kapittel 14. Det går fram at fedrekvoten er 15 veker når foreldra vel full sats for foreldrepengar. Det går vidare fram at det blir ytt graderte foreldrepengar ved delvis arbeid. Grunnlaget for foreldrepengar er avgrensa oppover til 6 gongar grunnbeløpet i folketrygda (pr. i dag $96\,883 \times 6 = 581\,298$ kroner). Ordførargodtgjersla er i dag på 813 000 kroner.

Administrasjonen har 22.03.2019 og 26.03.2019 fått opplyst frå NAV at ordførarar har rett til foreldrepengar, men ikkje etter berekningsreglane som gjeld for vanlege arbeidstakarar. Bakgrunnen for dette er ein høgsterettsdom frå 2016 om at ordførarar vert rekna som «frilansarar», ikkje som arbeidstakarar. Denne presiseringa vil truleg ikkje ha praktisk betydning for kor mykje Knut Harald Frøland vil få i foreldrepengar.

For tilsette som har foreldrepermisjon, forskotterer kommunen foreldrepengane og får utgiftene refundert frå NAV. Det har ikkje lukkast administrasjonen å få avklart om NAV vil refundera kommunen sine utgifter dersom kommunen forskotterer foreldrepengar til ordføraren.

Samnanger kommune sitt reglement for godtgjersle til folkevalde inneheld ikkje reglar om økonomiske vilkår for folkevalde i samband med fødsels-/foreldrepermisjonar.

Vurderingar og konsekvensar

6 av 22

I og med at ordføreren berre er vald for inneverande kommunestyreperiode, kan kommunestyret pr. no berre ta stilling til spørsmålet om permisjon fram til datoen for det konstituerande kommunestyremøtet i haust, som er 24.10.2019. I perioden fram til dette søkjer Knut Harald Frøland om å ta ut om lag 14 veker foreldrepermisjon/fedrekvote.

Knut Harald Frøland vil ha rett til permisjon. Han vil også ha rett til foreldrepengear. Det kan vera fleire alternativ for utbetaling av feriepengear/ordførargodtgjersle i permisjonsperioden:

Alternativ 1:

Samnanger kommune utbetalar full ordførargodtgjersle til Knut Harald Frøland under permisjonen, og søkjer NAV om refusjon for delar av utgiftene.

Alternativ 2:

Knut Harald Frøland får utbetalt foreldrepengear direkte frå NAV. Samnanger kommune utbetalar 40% av full ordførargodtgjersle til Knut Harald Frøland i permisjonsperioden. I tillegg utbetalar kommunen differansen mellom 60% av full ordførargodtgjersle og foreldrepengear. Kommunen betalar òg full pensjonspremie til KLP i permisjonsperioden.

Differansen mellom 60% av full ordførargodtgjersle og foreldrepengearvil til saman vera om lag 43 000 kroner for heile permisjonsperioden på 14 veker.

Alternativ 3:

Knut Harald Frøland får utbetalt foreldrepengear direkte frå NAV. Samnanger kommune utbetalar 40% av full ordførargodtgjersle til Knut Harald Frøland under permisjonen.

For kommunen sin del vil alternativ 2 og 3 vera dei tryggaste, i og med at det ikkje er avklart om kommunen vil få refusjon frå NAV dersom kommunen forskotterer foreldrepengeane. Rådmannen si tilråding ut frå dette vil vera at ordføreren får foreldrepengeane utbetalt direkte frå NAV.

Rådmannen tilrår alternativ 2 ovanfor. Ordføreren vil med dette alternativet i praksis få same økonomiske vilkår under permisjonen som tilsette i kommunen (full løn/godtgjersle under permisjonen), samstundes som kommunen ikkje risikerer å ikkje få refusjon frå NAV for forskotterte utgifter.

Eventuell mellombels auke av varaordførarvervet

Dersom varaordførarvervet skal aukast opp i den perioden ordføreren har 60% permisjon, vil dette kunne finansierast ved innsparinga på ordførargodtgjersla. Dersom alternativ 2 ovanfor blir valt, blir det ei innsparing på ordførargodtgjersla på om lag 143 000 kroner i permisjonsperioden. Nedanfor følgjer eksempel på kostnad for 14 vekers mellombels auke av varaordførarvervet, med utgangspunkt i same sats som ordførargodtgjersla (813 000 kroner):

- 20% stilling, kostnad ca. 50 000 kroner
- 40% stilling, kostnad ca. 100 000 kroner
- 60% stilling, kostnad ca. 150 000 kroner

Perioden etter 24.10.2019

Dersom det blir aktuelt med permisjon frå folkevald verv for Knut Harald Frøland også etter 24.10.2019 (i starten av neste kommunestyreperiode), bør denne permisjonen truleg handsamast av det nyvalde kommunestyret.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Meline Heimdal Haugland	Arkivkode: FE-233, FA-D10
Arkivsaksnr: 18/1480	Løpenr: 19/2500
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	04.04.2019	015/2019

Prioritering av søknader 2019 - tilskot til lokale kulturarenaer

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune prioriterar søknadar til ordningar Tilskot til lokale kulturarenaer slik:

1. Ombygging/rehabilitering av Nordbygda grendahus v/Nordbygda ungdomslag
2. Ombygging/rehabilitering av Nordborg ungdomshus v/Nordbygda ungdomslag

Dokument som ikkje er vedlagt:

Søknadar

Retningslinjer for forvaltning av desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg

Kva saka gjeld:

Tilskot til lokale kulturarenaer er ei tilskotsordning kor føremålet er å etablera eigna lokale, bygningar og uteareal som gjev rom for ulik kulturell verskemd. Tilskot kan vera tidlelt kulturhus, fleirbrukslokaler eller spesiallokaler for kunst og kultur som bibliotek, bygg for museum eller andre kulturverntiltak, scenekunstlokaler, konsertsal eller formidlingslokaler for billedkunst. Midlane kan gå til nybygg, ombygging og modernisering av kulturbygg, men ikkje til vedlikehald eller drift.

Ordninga vert forvalta av Hordaland fylkeskommune, men søkjarar må søka gjennom kommunen. Ein kan søka om inntil 1/3 i tilskot av godkjente prosjektkostnader. Tilskotet er ein del av spelemidlane frå Norsk Tipping og det er avgrensa kor mykje midlar Hordaland fylkeskommune får til utdeling.

I 2019 har det kome inn to søknader:

Nordbygda ungdomslag har søkt om tilskot til ombygging/rehabilitering av Nordbygda grendahus og ombygging/rehabilitering av Nordborg ungdomshus.

Vurderingar og konsekvensar:

Samnanger kommune har ansvar for å kontrollere og prioritere søknadane som har kome inn. Alle søknader som kjem til kommunen skal vidaresendast til fylkeskommunen, men kommunen skal avgjera om søknadane som vert sendt vidare får status « i orden» eller «ikkje i orden».

Prioriteringslista skal vera politisk vedtatt.

Kommunen skal kontrollere om:

- Søkjar har rett til å søkja
- Kulturarenaen har fått tilskot frå denne ordninga tidlegare
- Prosjektet ligg innafor mål til ordninga
- Framdriftsplan of budsjett er realistisk
- Søknadssum utgjer 1/3 av totalkostnad for prosjektet
- Prosjektet er byggesaksgodkjend
- Alle nødvendige vedlegg er lagt ved

Søknadane som er sendt inn er ikkje fullstendige pr. dags dato, men kulturkontoret er i dialog med Nordbygda ungdomslag om å få den informasjonen som trengs innan søknadsfristen til Hordaland fylkeskommune som er 30. april. Nordbygda ungdomslag har rett til å søkja og prosjektet ligg innafor mål for ordninga. Nordbygda ungdomslag har ikkje søkt om tilskot frå denne ordninga tildligere.

Dersom prioriteringslista ikkje vert politisk handsama vert ikkje søknadane godkjent av Hordaland fylkeskommune og søkjar kan ikkje få tilskot. Søknadane vert foreslått prioritert som følgjande:

Prioritet	Søkar	Nordbygda Ungdomslag
1	Anleggsnamn	Nordbygda grendahus
	Anleggstype	Fleirbrukslokale for kultur
	Plassering	Årland
	Søknad	Ombygging/rehabilitering av Nordbygda grendahus
	Søknadsbeløp	Kr 679 000 pr. dags dato, men kan verta justert
	Søknadstype	Ny søknad
	Arbeidsstatus kommune	Til kontroll
	Kommunen si innstilling	1 prioritet

Prioritet	Søkar	Nordbygda Ungdomslag
2	Anleggsnamn	Nordborg ungdomshus
	Anleggstype	Flerbrukslokale for kultur
	Plassering	Årland
	Søknad	Ombygging/rehabilitering av Nordborg ungdomshus
	Søknadsbeløp	Kr 178 000 pr. dags dato, men kan verta justert
	Søknadstype	Ny søknad
	Arbeidsstatus kommune	Til kontroll
	Kommunen si innstilling	2 prioritet



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Marianne Soleng	Arkivkode: FE-210, TI-&14
Arkivsaksnr: 19/130	Løpenr: 19/1716
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	04.04.2019	016/2019

Årsmelding 2018 for kontrollutvalet

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner årsmelding for kontrollutvalet for 2018.

Dokument som er vedlagt:

Innstilling - Årsmelding 2018 for kontrollutvalet
 Årsmelding 2018 for KUV Samnanger

Kva saka gjeld:

Sekretariatet for kontrollutvalet arbeider ikkje i same saksbehandlingssystem som Samnanger kommune. Saksdokumenta finn ein difor som vedlegg til dette saksframlegget.



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Samnanger kommune

Vår sakshandsamar: Helge Inge Johansen

Dykkar ref.:
Vår ref: 2016/81
Vår dato: 27.02.2019

Innstilling - Årsmelding 2018 for kontrollutvalet

Vedlagt følger partsbrev med innstilling i sak PS 8/19 «Årsmelding 2018 – for kontrollutvalet», frå møte i kontrollutvalet 04.02.2019.

Vi ber om at saka vert lagt fram for kommunestyret som sak, i møte 11.04.2019.

Med helsing

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Kopi til:
Ordførar
Rådmann
Utvalseiar

Saksframlegg

Arkivsak: 146
Arkivnr: 2016/81-14
Sakshandsamar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	8/19	04.02.2019

Årsmelding 2018 for kontrollutvalet**Bakgrunn:**

Sekretariatet har utarbeidd forslag til årsmelding for kontrollutvalet for 2018. Årsmeldinga skal gje eit oversyn over kva utvalet har arbeidd med i året som gjekk.

Føremålet med årsmeldinga skal og vera å melda tilbake til kommunestyret, som er kontrollutvalet sin oppdragsgjevar, resultatene av utvalet sitt arbeid. Årsmeldinga peikar både på handsaming av saker som er slutført frå kontrollutvalet si side, og på kva som må følgjast opp vidare framover.

Konklusjon:

Årsmeldinga frå kontrollutvalet må reknast som ein del av den lovpålagte rapporteringa frå utvalet til kommunestyret. Sekretariatet meiner difor at det vil vera rett at kommunestyret godkjenner årsmeldinga i eiga sak.

Forslag til innstilling

Kommunestyret godkjenner årsmelding for kontrollutvalet for 2018.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 04.02.2019**Handsaming i møtet:**

Det kom ikkje fram noko spesielt under denne saka.
Forslag til vedtak var samrøystes

Innstilling:

Kommunestyret godkjenner årsmelding for kontrollutvalet for 2018.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.



Samnanger kommune

Kontrollutvalet

ÅRSMELDING 2018

FOR KONTROLLUTVALET I

SAMNANGER KOMMUNE



1 Føremål og oppgaver for kontrollutvalet

I reglement for kontrollutvalet, som vart vedteke i kommunestyret 25.09.13, saman med reglement for dei andre politiske utvala i kommunen, står det om føremål og oppgaver:

«Hovudføremålet til kontrollutvalet er å medverka til at det er ålmenn tillit til at kommunen sine oppgaver vert løyst på best mogleg måte og i samsvar med gjeldande lover og forskrifter. Kontrollutvalet kan i prinsippet ta opp alle tilhøve ved kommunen si verksemd, så lenge det kan definerast som kontroll og tilsyn. Kontrollutvalet kan hos kommuneadministrasjonen, utan hinder av teieplikt, krevja alle opplysningar, utgreiingar eller alle dokument og gjera undersøkingar som det finn naudsynt for å gjennomføra oppgåvene.»

I «Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar» finn ein i kap. 3 «Alminnelige regler om kontrollutvalgets ansvar og oppgaver». I § 4 står det mellom anna:

«Kontrollutvalget skal føre det løpende tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltningen på vegne av kommunestyret, herunder påse at kommunen har en forsvarlig revisjonsordning.»

2 Samansetjing av kontrollutvalet

Kontrollutvalet for perioden 2015 - 2019 er slik samansett:

Medlemmer:

Bright Olav Gåsdal (Ap) – leiar
Vibeke Bohre Våge (H) - medlem

Vararepresentant for Ap, H, Krf og Mdg:

1. Gisle Gardar Øye (H)
2. Shirin Kvernes Kadoor (Ap)
3. Bjarne Hauge (Krf)

Anne Tandstad (Sp) – nestleiar
Øystein Foss (Bl) - medlem
Svein Verner Røseth (Frp) medlem

Vararepresentant for Bl, Frp og Sp:

1. Evelyn Frøland (Bl)
2. Roy Ove Eikedal (Sp)
3. Tor Henning Grønlien (Bl)
4. Marion Langhelle Pedersen (Frp)

I følgje lova skal minst ein av medlemmane i kontrollutvalet vera medlem av kommunestyret. Bright Olav Gåsdal er kommunestyremedlem.

3 Om verksemda til kontrollutvalet i 2018

- Kontrollutvalet hadde 4 møter, og handsama 47 saker.
- Ordførar har møterett i kontrollutvalet og har møtt på dei fleste møta.
- Rådmann og andre tilsette i kommunen har møtt for å orientera til kontrollutvalet, når dei har vorte innkalla.
- Revisjonen har og møtt på møta i kontrollutvalet.
- Kontrollutvalet har fått tilgang til den informasjonen det vart bede om.

4 Sekretariatsordninga

I kommunelova § 77 pk.10 står det at kommunestyret skal sørgja for sekretærbistand til kontrollutvalet. Sekretærfunksjonen kan ikkje leggest til kommunen sin administrasjon.

Utdrag frå § 20 i Forskrift om kontrollutvalg - «Kommunestyret skal sørge for at kontrollutvalget har sekretærbistand som til enhver tid tilfredstiller utvalgets behov. Sekretariatet skal påse at de saker som behandles av kontrollutvalget er forsvarlig utredet og et utvalgets vedtak blir iverksatt. Sekretariatet skal være uavhengig av kommunens administrasjon og av den eller de som utfører revisjon for kommunen. Sekretariatsfunksjonen kan ikke legges til kommunens administrasjon.»

Sekretariat for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune utfører sekretariatstenesta for kontrollutvalet i Samnanger kommune. Kari Nygard og Helge Inge Johansen har utført sekretæroppgaver på kontrollutvalsmøta.

14 av 22

Forutan å vera sekretariat for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune yter også sekretariat sekretariatstenester til kontrollutvala i desse kommunane: Samnanger, Stord, Kvinnherad, Bømlo, Tysnes, Ulvik, Eidfjord, Kvam, Ullensvang, Odda, Voss, Fusa, Øygarden, Sund, Fitjar, Askøy og Vaksdal. Frå 2017 har sekretariatet og utført sekretærtenester for kontrollutvalet i Bergen Kirkelige Fellesråd.

5 **Revisjonstenesta**

Kontrollutvalet skal på vegne av kommunestyret ha tilsyn med den kommunale forvaltninga. Utvalet må halda seg orientert om kva saker revisjonen arbeider med, og føra tilsyn med at revisjonsarbeidet er å jour og føregår i samsvar med forskrift og vedtak.

Deloitte AS er revisor for Samnanger kommune. Noverande avtale gjeld fram til og med 30.06.2020. Deloitte har lagt fram revisjonsmelding, slik kravet er, samt rapportar og annan informasjon om revisjonen sitt arbeid.

På grunnlag av revisjonen sine rapportar, rekneskapsplan og annan informasjon, har utvalet ført tilsyn med at forvaltninga er i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og vedtak. Utvalet skal vidare i samarbeid med revisjonen gjennomføra ei systematisk vurdering av bruk og forvaltning av dei kommunale midlar, med utgangspunkt i oppgåver, ressursbruk og oppnådde resultat (forvaltningsrevisjon).

Til dagleg er det den valde revisor som utfører tilsynet og kontrollen mot kommunen, men kontrollutvalet har eit eige ansvar med å sjå til at arbeidet vert tilfredstillande utført. Kommunelova stiller krav om at utvalet sjølv må visa ei aktiv haldning. For å få utført det arbeid utvalet er pålagt, er ein avhengig av god kommunikasjon med kommunestyret, administrasjonen i kommunen og revisor. Samarbeidet har vore godt med dei aktuelle aktørar.

Fram til hausten 2017 var partner Bjarne Ryland ansvarleg revisor. Vidare overtok partner Unni-Renate Moe som ansvarleg revisor. I tråd med regelverket har revisor lagt fram for kontrollutvalet eigenvurdering for at Deloitte er uavhengig i høve til Samnanger kommune.

6 **Arbeid med forvaltningsrevisjon.**

Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 – 2020

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 10 om Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon lyd slik:

”Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegerer til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden. Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter.”

Plan for forvaltningsrevisjon vart vedteken i kommunestyremøte 15.12.2016.

6.1 **Gjennomføring av forvaltningsrevisjonsprosjekt**

Forvaltningsrevisjon er eit verktøy som kommunestyret og kontrollutvalet skal nytta for å sikre at kommunen på best mogleg måte tek omsyn til innbyggjarane sine behov og rettar.. Forvaltningsrevisjon er ein av dei pålagde oppgåvene til kontrollutvalet. I forskrift for kontrollutval står det at «Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens virksomhet årlig blir gjenstand for forvaltningsrevisjon.»

6.2 **Oppfølging av tidlegare gjennomførte forvaltningsrevisjonsprosjekt.**

Forvaltningsrevisjon av «Internkontroll i Samnanger kommune».

I 2014 vart det vedteke å gjennomføra forvaltningsrevisjon om «Internkontroll i Samnanger kommune». Arbeid med gjennomføring av forvaltningsrevisjonen vart utført på slutten av 2014 og første halvår 2015. Rapport etter arbeidet vart lagt fram for kommunestyret i møte 14.10.15. Det vart gjort slikt vedtak:

«Kommunestyret merkar seg det som kjem fram i rapport etter forvaltningsrevisjon av internkontroll i Samnanger kommune. Kommunestyret ber rådmann syta for å:

15 av 22

1. *Arbeide vidare med å sikre at internkontrollarbeidet har eit sterkt fokus i kommuneorganisasjonen.*
2. *Sikre at tilrådingar som er gjeve i rapporten kapittel 6, knytt til overordna internkontroll, vert gjennomført.*
3. *Sikre at tilrådingar som er gjeve i rapporten kapittel 6, knytt til internkontroll i støtteprosessar, vert gjennomført.*
4. *Sikre at tilrådingar som er gjeve i rapporten kapittel 6, knytt til tenestepesifikk internkontroll, vert gjennomført. Kommunestyret vil at arbeid med å etablere lovpålagt internkontrollsystem i barnevernstenesta, slik det er krav om etter barnevernlova, vert prioritert.*
5. *Sikre at tilsette får systematisk opplæring og støtte i bruk av internkontrollsystem, og at det vert etablert rutinar for leiinga sin gjennomgang av internkontrollsystemet.*
6. *Lage ein handlingsplan innan 01.02.2016 til kommunestyret, med kopi til kontrollutvalet, som syner kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltak skal setjast i verk og kven som skal ha ansvar for iverksetjinga.»*

Kontrollutvalet har fått informasjon om arbeidet med oppfølging av kommunestyret sitt vedtak i etterkant av rapporten. Notat som viser plan for oppfølging er lagt fram. Vidare fekk kontrollutvalet orientering i saka i mai 2017. Utvalet gjorde då slikt vedtak:

«Kontrollutvalet har merka seg at arbeidet med implementering av eit heilheitleg internkontrollsystem er kome godt i gang. Utvalet ønskjer å følgja med på korleis internkontroll-arbeidet vert følgt opp også i tida framover, og vil be om ei ny orientering i starten av 2018.»

Kontrollutvalet fekk ein ny orientering i februar møte 2018, der dette vart vedteke;

«Vedtak:

1. *Kontrollutvalet seier seg i hovudsak nøgd med arbeidet som er utført med oppfølging etter forvaltningsrevisjon av internkontroll.*
2. *Utvalet ber om å få seg førelagt delegasjonsreglementet når dette er godkjent.*
3. *Utvalet ber om ei årleg rapportering om korleis internkontrollsystema fungerer og er i bruk.»*

6.3 Forvaltningsrevisjon av «Innkjøpsarbeid i Samnanger kommune».

I plan for forvaltningsrevisjon for 2016 – 2020, som vart vedteke i kommunestyret 15.12.2016, var sjukefråvær prioritert som nr. 1. I møte 03.10.17 fekk kontrollutvalet informasjon om at den nye rådmann har teke initiativ til å setja fokus på tre områder som det vil bli arbeidd særleg med i tida framover. Områda det vil bli sett fokus på er:

- Verdiprojektet
- Kompetanseløftet
- Sjukefråvær

Kontrollutvalet valde såleis å ikkje sjå på prosjektet som er nr. 1 i planen. I møte 04.12.17 vart det fatta vedtak om å heller sjå på innkjøpsarbeidet.

Revisjonsrapport etter forvaltningsrevisjon av innkjøp vart handsama i kontrollutvalet i septembermøte. Kontrollutvalet si tilråding vart samrøystes vedteke i kommunestyret i møtet 13.09.2018.

«Kommunestyret ber rådmannen syte for å:

1. *Oppdatere fullmaktsstrukturen i samsvar med gjeldande regelverk, og vurdere justeringar i fullmaktsstrukturen slik at den betre samsvarar med behova i organisasjonen*
2. *Vurdere om det er sett av tilstrekkeleg med ressursar til å gjennomføre innkjøp i samsvar med regelverk og eigne rutinar*
3. *Vurdere opplæringstiltak for å auke innkjøpskompetansen i organisasjonen*
4. *Oppdatere rutinar og retningslinjer for innkjøp i samsvar med gjeldande regelverk*

16 av 22

5. Syte for at rutinar og retningsliner for innkjøp er enkelt tilgjengelege for tilsette og leiarar
6. Syte for at det blir etablert eit system for elektronisk kommunikasjon for anbudsprosessar, jn. komande krav i regelverket
7. Gjennomføre innkjøp i samsvar med regelverket, under dette
 - a) konkurranseeksponere anskaffingar i samsvar med regelverket.
 - b) dokumentere og sikre føreseielegheit og likebehandling i tilbodsevalueringa
 - c) stille krav om løns- og arbeidsvilkår i samsvar med regelverket
 - d) gjennomføre korrekte avrop på rammeavtalar
 - e) protokollere innkjøp i samsvar med regelverket
8. Lage ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 15.11.2018 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»

Kontrollutvalet handsama handlingsplanen i møte den 03.12.2018 der dette vart protokollført.

«Rådmannen orienterte om handlingsplanen og svarte på spørsmål frå utvalet.

Dette kom mellom anna fram i orienteringa;

- Delegasjonsreglementet og Innkjøpsreglementet er på plass
- Det er pr. i dag ikkje tilstrekkeleg ressursar til å handtere dette, men kommunen skal overføre ein ressurs frå HR, som blant anna skal jobbe med dette. Tek sikte på at ny ressurs er på plass fyrste halvår 2019
- Ca. 10 ansatte frå administrasjonen har vore på kurs som ledd i å auke innkjøpskompetansen i kommunen.

Utvalet valde, ut frå at kommunen er i prosess med å få tilført ein ny ressurs som spesielt skal jobbe med innkjøpsområde, å endre på forslag på ny tilbakemelding på status. Denne vart endra frå 01.02.2019 til 15.08.2019.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet ber om ny status på arbeidet gjeldande forvaltningsrevisjon innan innkjøp, i form av skriftleg tilbakemelding innan 15.08.2019.»

6.4 Vidare arbeid med plan for forvaltningsrevisjon.

Forvaltningsrevisjon av «spesialundervisning og tilpassa opplæring».

I desembermøte i kontrollutvalet vart det vald nytt prosjekt etter gjeldande plan for forvaltningsrevisjon 2016 -2020, vedteke i kommunestyret 15.12.2016.

Kontrollutvalet diskuterte igjen om ein skulle sjå på prosjektet som er nr. 1 i planen «sjukefråvær». Men ut i frå orienteringa frå rådmannen gjeldande utvikling av sjukefråvær i dette møte, og at denne har ei positiv utvikling, avgjorde kontrollutvalet at ein ønskjer å få utført forvaltningsrevisjon av spesialundervisning og tilpassa opplæring, med disse temaene:

- kompetanse
- tilpassing av den ordinære undervisninga
- samhandling mellom PPT og skule
- vedtak om spesialundervisning
- gjennomføring/iverksetting av spesialundervisning

«Vedtak:

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon av spesialundervisning og tilpassa opplæring i Samnanger kommune

17 av 22

2. Deloitte vert beden om å levera forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, evt. avgrensingar, ressursbruk og tid for bestilling.
3. Forslag til prosjektplan vert å levera til sekretariatet seinast innan 21.01.2019, og skal godkjennast i neste møte / evt. ved at utvalsleiar i samråd med sekretariat får fullmakt til å godkjenne prosjektplanen».

Kontrollutvalet vil handsama denne planen i møte 04.02.2019.

7 **Arbeid med selskapskontroll** **Plan for selskapskontroll for perioden 2016 – 2020**

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 13 Selskapskontroll lyd slik:

"Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskap m.m. Kontrollutvalget skal minst èn gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens eierskap ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for selskapskontroll på de ulike sektorer og med de ulike selskapene. Planen skal vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegerer til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden. Kontrollutvalget avgjør selv hvem som på dets veggen skal gjennomføre selskapskontroll."

Plan for selskapskontroll for 2016 – 2020 vart vedteken i kommunestyremøte 15.12.2016.

7.1 **Gjennomføring av selskapskontrollar, oppfølgingsarbeid og bedriftsbesøk**

Det er ikkje gjennomført selskapskontroll eller bedriftsbesøk i 2018 i nokon av dei selskap som kommunen har eigarskap i.

8 **Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)**

FKT er ein landsomfattande organisasjon som har som oppgåve å vera møte- og kompetanseplass for kontrollutvala og deira sekretariat. Kontrollutvalet i Samnanger kommune er medlem i FKT. FKT har utarbeida ein vegleiar til «Kva kan ein forvente av oppgåveutføring og kompetanse frå sekretariatet» i 2018. Kontrollutvalet i Samnanger kommune gav uttale til forslag til vegleiar. Nyheitsbrev frå FKT med aktuelle tema for kontrollutvalet sitt arbeid er og lagt fram som melding til kontrollutvalet.

9 **Opplæring**

Brigt Olav Gåsdaal, Vibeke Bohre Våge, Svein Verner Røseth og Anne Gerd Tandstad deltok på folkevaldopplæringa Solstrand Hotel & Bad, 29 – 30 januar 2018. Brigt Olav Gåsdaal deltok og på FKT fagkonferanse mai 2018.

Kontrollutvalet har arrangert kurs i regi av Deloitte. Ein kursdag pr. år inngår i fastprisavtalen med revisor. Det vart arrangert kurs med tema «Samfunnsansvar og antikorupsjon» i samband med kommunestyremøte 13.09.18.

10 **Samnanger kommune si heimeside og bruk av elektronisk møteinnkalling.**

Informasjon om kontrollutvalet på heimesida er lagt til rette på ein god måte. Kommunestyret, alle hovudutval, og også kontrollutvalet brukar lese Brett på møta og får elektronisk innkalling. For å nytta denne arbeidsmåten i politiske utval er det lagt godt til rette både med opplæring og tilrettelegging på heimesida.

11 **Arbeid med rekneskapsrevisjon. Den økonomiske situasjonen i Samnanger kommune.**

Kontrollutvalet sin uttale om Samnanger kommune sin årsrekneskap for 2017 hadde bl.a. med desse opplysningane:

- driftsrekneskapen viser kr. 153.677.219 til fordeling drift, og
- eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 8.992.
- netto driftsresultat er positivt med kr. 6.008.902.

Oppsummering og tilrådingar frå kontrollutvalet til den framlagde kommunerekneskapen:

- Kontrollutvalet merkar seg at det økonomiske driftsresultatet for 2017 er positivt. Resultatet ligg litt over TBU sine anbefalingar, men ligg under gjennomsnittet i landet.
- Samnanger kommune har ikkje eit tilfredstillande nivå i 2017 på disposisjonsfondet, sjølv om det er styrka i 2017 samanlikna med året før.
- Lånegjelda er svært høg i høve til Riksrevisjonen sine tilrådingar, men det er ein del nedgang sidan 2015.
- Årsmeldinga for 2017 gjev ei god skildring av drifta av kommunen i året som gjekk.

12 Tilsyn frå Fylkesmannen

Når Fylkesmannen, eller andre statlege organ, gjennomfører tilsyn i kommunane, vert det utarbeida rapport etter tilsynet. I rapportar etter slik gjennomgang av tenesteområde, gjev Fylkesmannen, og andre, tilråding, melding eller pålegg til kommunen om kva som bør følgjast opp innanfor saksfeltet. Når påpeikingane er følgd opp / utført på ein tilfredstillande måte, sender Fylkesmannen melding om at tilsynssaka er avslutta. Kontrollutvalet ser det som ei av sine oppgåver å følgja med i slike tilsynssaker.

Kontrollutvalet har i møte 03.12.2018 fått seg førelagt tilsynsrapporten frå Arkivverket dagsett 19.10.2018, der det er avdekka alvorlege avvik. Rådmannen vil i møte 04.02.2019 orientere kontrollutvalet om denne saka.

Det var ikkje andre tilsynssaker til handsaming i kontrollutvalet i 2018.

13 Andre saker / orienteringssaker i kontrollutvalet i 2018:

Utvalet har og som faste punkt på saklista – gjennomgang av møteprotokollar frå kommunestyret, formannskap og hovudutvala. Her er døme på nokre andre saker kontrollutvalet handsama.:

- o Byggerekneskap for idrettsanlegget i Hagabotnane
- o Byggerekneskap for nytt biblioteklokale på Bjørkheim
- o Byggerekneskap for ny vegtrase Totræna
- o Budsjett 2019 for kontrollutvalet
- o Ny personvernlov frå 2018 – konsekvensar for kommunane
- o Rekneskapsrapportar for kommunerekneskapen
- o Årsrapport 2017 frå Skatteoppkrevjar og kontrollrapport 2017 frå Skatteetaten.
- o Krav om forvaltningskontroll i forvaltningsaka om mur i Krekavegen i Samnanger kommune

Samnanger 04.02.2019

Brigt Olav Gåsdal
Leiar i kontrollutvalet



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Marianne Soleng	Arkivkode: FE-010
Arkivsaksnr: 18/1514	Løpenr: 19/2016
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	04.04.2019	017/2019

Gjennomføring av kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019 - Valdato

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019 vert i Samnanger kommune gjennomført på ein dag, måndag 09.09.2019.

Dokument som ikkje er vedlagt:

Valgloven med forskrift

Kva saka gjeld:

Kommunestyre- og fylkestingsval vert halde i alle kommunar på ein og same dag i september månad kvart fjerde år. Jf. valgloven §9-2 fastset Kongen valdagen til ein måndag.

Kommunestyret kan sjølv vedta at det på eitt eller fleire stadar i kommunenn skal haldast val også på søndagen før den offisielle valdagen, jf. valgloven §9-2 andre ledd.

I valgloven §9-2 (2) står det:

«Kommunestyret kan selv vedta at det på ett eller flere steder i kommunen skal holdes valg også søndagen før den offisielle valgdagen.»

Vurderingar og konsekvensar:

Det har ikkje vore praksis i Samnanger å ha val over meir enn ein dag. Med rimeleg gode ordningar for førehandsrøysting, bør det ikkje vera problematisk for innbyggjarane å få avlagt røysta si sjølv om vallokala berre er opne 09.09.2019. Kommuneadministrasjonen foreslår på bakgrunn av dette at vallokala i Samnanger kommune berre vert opne måndag 09.09.2019.



Samnanger kommune

Saksbehandler, innvalgstelefon

Hugo Morken, 5557 2117

Lovlegkontroll av Samnanger kommunestyre si avgjerd i sak 039/2018

Fylkesmannen viser til Samnanger kommune si oversending av 27. november 2018.

Fylkesmannen sitt vedtak

Samnanger kommunestyre si avgjerd i sak 039/2018 er lovleg.

Bakgrunn for saka

Samnanger kommunestyre gjorde i møte den 13. september 2018 følgjande vedtak:

«Samnanger kommune vedtek å finansiera bygging av nytt bufellesskap på Skottabakken ved å nytta 6,4 millionar av tidlegare opptatt lån i tillegg til å ta opp eit nytt lån på 22 millionar. Lånet skal betalast ned over 50 år og ha 2 avdragsfrie år. I 2019 skal det takast opp eit byggelån på kr 10 486 000. Lånet vert tatt opp avdragsfritt og vert betalt tilbake når tilskotet frå Husbanken er mottatt.

Administrasjonen og byggekomiteen får i oppdrag å sjå på innsparinger tiltak undervegs i prosjektet. Det vert rapportert til formannskapet og kommunestyret.»

Vedtaket vart gjort med 11 mot 10 røyster.

Ved brev av 26. september 2018 sette kommunestyrerepresentantane Odd Arne Haga, Karl B. Kollbotn og Gunnar J. Bruvik fram krav om lovlegkontroll av avgjerda. Bakgrunnen for kravet er at representantane meiner saksframstillinga til møtet i kommunestyret var misvisande. Dei meiner i det vesentlege at saka var mangelfullt utgreidd då kommunestyret gjorde vedtaket.

Kommunestyret behandla kravet om lovlegkontroll i møte den 8. november 2018. Vedtaket i sak 039/2018 vart oppretthalde med 18 mot 3 røyster. I samsvar med kommunelova § 59 nr. 2 er kravet om lovlegkontroll etter dette sendt til Fylkesmannen for behandling.

Om lovlegkontroll

Etter kommunelova § 59 nr. 1 kan tre eller fleire medlemmer av kommunestyret saman bringe kommunale avgjerder inn for departementet til kontroll av om avgjerda er lovleg. Kravet må vere



sett fram innan tre veker etter at avgjerda vart teken, jf. forskrift om tidsfrist for krav om lovlegkontroll § 1.

For kommunale avgjerder er fylkesmennene delegert avgjerdsrett, jf. rundskriv H-25/92 frå det dåverande Kommunal- og regionaldepartementet.

Ved lovlegkontrollen skal det takast stilling til om avgjerda er innhaldsmessig lovleg, om avgjerda er teken av nokon som har mynde til å ta slik avgjerd, og om avgjerda har vorte til på ein lovleg måte, jf. kommunelova § 59 nr. 4. Kommunen si utøving av forvaltningsskjønn kan ikkje prøvast. Dersom Fylkesmannen ved lovlegkontrollen kjem til at avgjerda er ugyldig, skal ho opphevast.

Fylkesmannen si vurdering

Vi fastslår innleiingsvis at kravet om lovlegkontroll er sett fram av nokon som har rett til å krevje lovlegkontroll, og at kravet er sett fram innanfor fristen.

Vi fastslår vidare at avgjerda i sak 039/2018 vart teken av eit organ som har mynde til å til å ta ei slik avgjerd.

Saka reiser spørsmål ved om avgjerda er blitt til på lovleg måte. Meir konkret stiller klagarane spørsmål ved om saka var forsvarleg utgreidd då kommunestyret gjorde sitt vedtak.

Kommunestyret si avgjerd i sak 039/2018 gjeld finansiering og låneopptak for bygging av nytt bufellesskap. Avgjerda er teken på grunnlag av den saksutgreiinga som er gjort i administrasjonen si innstilling til møtet, etter at formannskapet i møte den 30. august 2018 (sak 036/2018) hadde etterspurt ytterlegare informasjon før saka skulle behandlast i kommunestyret. Fylkesmannen vil likevel vise til at det er kommunestyret som har det endelege ansvaret for å vurdere om saka er forsvarleg opplyst. Dersom kommunestyret meiner saka ikkje er tilstrekkeleg opplyst til at det kan takast ei avgjerd, vil det kunne sende saka tilbake til administrasjonen for vidare utgreiing. Vi vil vidare peike på at avgjerda ikkje er eit enkeltvedtak etter definisjonen i forvaltningslova § 2. Avgjerda er ikkje avgjerande for nokon private personar sine rettar eller pliktar. Føresegna i forvaltningslova § 17 første ledd med krav til utgreiinga av saker som gjeld enkeltvedtak, har derfor ikkje verknad i denne saka. Den aktuelle avgjerda må derimot reknast som ei avgjerd som ligg innanfor den sjølvråderetten som kommunane har som sjølvstendige rettssubjekt. Som følgje av dette, og i tråd med det kommunale sjølvstyret, vil kommunestyret si vurdering av om saka er tilstrekkeleg utgreidd til at det kunne treffast ei avgjerd, måtte tilleggjast stor vekt.

I møtet den 13. september røysta kommunestyret både over det forslaget som vart vedteke, og over eit forslag om å utsette avgjerda (ta «ein pause») for vidare utgreiing. Eit fleirtal røysta for det alternativet som vart vedteke, medan mindretallet stemte for forslaget om å utsette prosjektet. I utgreiinga som låg til grunn for kommunestyret si avgjerd var det mellom anna gjort greie for tilbod på totalentreprisen, tilskot frå Husbanken, risikoen for ikkje føresette utgifter og lånebehov. Fylkesmannen legg til grunn at eit fleirtal i kommunestyret fann at saka med dette var forsvarleg utgreidd til at det kunne treffast ei avgjerd, og finn å kunne legge avgjerande vekt på dette.

Fylkesmannen finn etter dette at kommunestyret si avgjerd i sak 039/2018 vart til på lovleg måte.

Vidare finn Fylkesmannen også at avgjerda har eit lovleg innhald. Låneopptaket ligg innanfor rammene i kommunelova § 50.

Etter dette konkluderer vi med at kommunestyret si avgjerd i sak 039/2018 er lovleg.



Det kan ikkje klagast på Fylkesmannen sitt vedtak.

Med hilsen

Gunnar O. Hæreid
assisterande fylkesmann

Anne Kristin Eitungjerde
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Odd Arne Haga, Karl B. Kollbotn og Gunnar J. Bruvik v/Karl B. Kollbotn
Haukanesvegen 122
5652 ÅRLAND